

# INVITASJON

## Dagseminar 14. mars ved Rugsund Handelstad

Bremanger kommune inviterer til dagseminar for reiselivsbasert næring og frivillige aktører. På seminaret vil vi legge vekt på omdømmebygging og profilering. Det blir og lagt opp til informasjonsutveksling mellom deltakarane der vi vil utarbeide ein informasjonskalender på bakgrunn av det som kjem fram i løpet av dagen.

Vi har fått tak i fleire spanande innleiarar m.a. Hans Christian Medlien, krusedullfilosof og tidligare fantasiminister i fristaten Lucy Næroset. I tillegg har vi fått Brigt Samdal og Per Øyvind Sørbø som begge har vore aktiv i bygdeutviklingsprosjektet i Eikefjord. Brigt Samdal har og stått i spissen for Norsk slipsmuseum i Eikefjord. Desse tre vil på kvar sin måte, snakke om utvikling og omdømmebygging basert på humor og gode idear.

Som representant for Bremanger kommune vil rådmann Tom Joensen ta opp omdømmebygging og utvikling av kommunen.

Vi er på jakt etter næringsdrivande innanfor turisme og andre besøkande, butikkar og overnattingsstader. Vi er og på jakt etter lag og organisasjonar som i løpet av 2010 tenkjer å gjennomføre arrangement retta mot ålmenta, men dagen er open for alle så det er berre å melde seg på!

### Program:

- 10.00 Registrering og kaffi
- 10.30 Opning
- 10.45 Brigt Samdal og Per Øyvind Sørbø: "Bygdeutvikling i Eikefjord – frå sju stavar til heil tønne"
- 11.45 HC Medlien: "Framtida finnes i en krusedull". HC held ikkje foredrag - men førestilling. Fordi det handlar om å bruke fantasien til det den er til for; å forestille seg. Forestille seg kva framtida vil bringe av gleder. Forestille seg kva ein kan gjere for å få det til. Forestille seg nokre nære muligheter og nye, rare, utenkte tankar
- 13.15 Lunsj  
Tid til å vise seg fram/ utveksle informasjon
- 15.00 Tom Joensen: "Bremanger – fullt og heilt eller stykkevis og delt"
- 15.45 Oppsummering
- 16.00 Takk for i dag!

Les meir om innleiarane her:  
Brigt Samdal: [www.naerleiken.no](http://www.naerleiken.no)  
HC Medlien: [u8.no](http://u8.no)

Påmelding til servicekontoret på Rådhuset. Telefon: 57796300 el. epost: [post@bremanger.kommune.no](mailto:post@bremanger.kommune.no)

Arrangementet er gratis.

Bremanger kommune  
Kultur